

Referat og innkalling



Studieprogramråd for barnevern

Møtedato: 23.04.20 kl:12 – 14.30

Deltakarar:

Marita Brekke Skjelvan – fagseksjonsleiar, Tone Jørgensen – fagleg representant, Berit Marie Njøs- fagleg representant, Hege Sundt- fagleg representant, Hermann Bøe- studentrepresentant 3.klasse, Ove Mjåtveit - praksisfeltet, Einingsleiar Sunnfjord barnevern, Ann-Iren Høgalmen - Høgskulen i Volda, Sandrina Sandell- Løvetannakademiet, Tanja Holum – studierettleiar (referent)
Ikkje møtt: Hedda Solland Plassen – studentrepresentant 1.klasse, Carl Jakob Lis Sterner- studentrepresentant 2.klasse

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. Kommentarer Saker til eventuelt?	Fagseksjonsleiar	2 min
Referat: Presentasjonsrunde. Det er 2 nye medlemmar i studieprogramrådet. Ingen innvendingar til sakslista.				

2/20 Implementering av ny studieplan	Vedlegg:  NYstudieplan2020_gjeldande.docx  oppbygging av studie.docx	Informasjon om implementering av ny studieplan som er gjeldande frå hausten 2020.	Fagseksjonsleiar innleiar og orienterer	15 min
<p>Referat: Ny studieplan vart godkjent i desember 2019, den er no publisert og emna er klare etter den nye forskrifta og retningslinjene for utdanninga. Studieplan er lagt ved innkallinga og fagseksjonsleiar orienterer:</p> <p>Undervisning etter ny studieplan startar i august 2020, medan 2. og 3. klassen går parallelt etter utgåande studieplan. Ein av dei største endringane i ny studieplan er at samkøringa med vernepleie og sosialt arbeid ikkje vil fortsetje. Deira studieplan er i samsvar med utdanningane ved Campus Bergen.</p> <p>I barnevernutdanninga vil det vere meir fokus på det barnevernfagleg arbeid heilt frå starten i 1.klasse.</p> <p>BARN110 Danning og akademisk handverk er eit fellesemne som går parallelt med BARN100 Barnevernspedagogen sitt fag og yrkesfelt. Eit av emna på våren andre semester har tidlegare vore i tredje studieår. No er aktivitetsfaga lagt til våren 2.semester og er eit førebuingsemne til 4 vekers praksis i barnehage eller skule. Kommunalt barnevern, vil i den nyte studieplan gå over heile haustsemesteret i 2.klasse og er to emne a 15 sp. Som tidlegare vil det vere 30 studiepoeng praksis (16 veker) i statleg -eller kommunalt barnevern.</p> <p>Krava til praksis er tydelegare og meir konkrete i dei nye retningslinjene. Praksis skal vere på minimum 20 veker, og hovudtyngda skal vere i autentiske yrkessituasjonar i statleg eller kommunalt barnevern. Utfordringa i praksis vil vere kravet om at studenten skal ha erfaring med barnevernssaker. Dei som er i institusjon skal vere knytt til kommunalt barnevern. Praksisstudentar i institusjon skal vere knytt til kommunalt barnevern. Fagleg representant ynskjer tilbakemelding frå eksterne deltakarar med å komme med innspel på dette.</p>				

Praksisfeltet seier det er viktig at praksis skal opplevast relevant. Når ein skal utdanne seg til barnevernspedagog er forslaget om å trene seg i avgjerdsprosessar er velkommen. Dreinga i ny studieplan er rett i høve fokuset både for studentar og utdanninga. Studentane må gjere desse erfaringane, der ein kan og trene på avgjerdsgrunnlaget i eit system saman med leiinga i praksis.

Volda har identisk praksis, 15 veker, men har støytt på 3 utfordringar:

1. Beslutning i barnevernstenesta, praksisplassar har slått seg saman til internasjonale praksisfelt
2. Tidlegare har studentar komme med ynskje til praksisplass. No er det ei dreining til at departementet styrer innhaldet i praksis.
3. Internasjonalisering. Det er sett opp strategisk mål om at studentane skal ha praksisplass i Europa. Korleis har HVL tenkt praksis i utlandet etter at det er sterkare styring frå departementet?

Ved HVL har me ein praksisperiode som heiter Global Knowledge i 5. semester. Den jobbar me med å vidareføre til ny studieplan. Global Knowledge er eit emne på 30 studiepoeng der ein har løyst utreise og teoriemne med å ha ei praksisperiode når dei kjem heim for å få godkjent emne i utdanningsplan.

På spørsmål om studenten opplever denne type praksis som relevant for utdanninga, er svaret at dei kjem heim med ei ny forståing av kultur, haldningar og verdiar av kva ein god barndom og oppvekst kan vere. Den kulturelle erfaringa som praksis gir studenten vil gjere at dei kan kommunisere om våre verdiar for gode oppvekstvilkår på ein meir reflektert måte.

I yrkeslivet vil studentar oppleve å jobbe med familiar med anna etnisk bakgrunn, så erfaring frå internasjonal praksis er av stor verdi.

Internasjonalisering er ei utfordring som må jobbast vidare med på grunn av innhaldet i den nye forskrifta, og for å nå måla for utreise ved HVL.

Internasjonal praksis vert premiært, men er i indirekte i konflikt med verdiar som har styrt gyldigheit for praksis.

I Volda er det 1 praksisperiode. Om studentane vel å gjennomføre praksis ute er det krav om å gjennomføre 10 veker praksis heime også.

Tilbake til ny studieplan:



Endring 2.klasse:

- Meir arbeid i forkant av praksis (1 veke)
- Meir fokus på refleksjon etter praksis.

3.klasse

- Haust - vil studentane jobbe med prosjektarbeid. Prosjektpraksis er ikkje knytt til vernepleie og sosialt arbeid.
- Vår - nytt emne der innhaldet er knytt til refleksjon og bacheloroppgåve. Studentane kan ha gruppeinnlevering, noko som er nytt i bacheloremne.

På slutten av orientering om ny studieplan vert det også lagt fram ei sak frå praksisfeltet. Ein har vore rettleiar for ulik praksis og ein av desse er prosjektpraksis som studentane kan velje i staden for ordinær praksis. Studentane jobbar med å skape endringsprosessar i prosjekt, noko som både rettleiar og studentane tykkjer er spennande å vere ein del av.

3/20 Orientering om fellesemnet Danning og akademisk handtverk	Vedlegg:  Emneplantilepn.docx		Fagseksjonsleder orienterer	10 min
Referat: Emne «Danning og akademisk handtverk». Dette er eit fellesemne som startar hausten i 1.klasse. På barnevernutdanninga har me valt å køyre dette emne parallelt med BARN100 Barnevernspedagogen sitt fag og yrkesfelt . I danningsemne vil ein veksle mellom å ha digital undervisning og undervisning på Campus. Dette vil vere eit innføringsemne og bli bygt opp med fleire ulike tema, der utdanninga kan tilpasse og kopla emne til barnevernsutdanninga med gruppearbeid og eiga undervisning: <ul style="list-style-type: none"> • Det vil vere ein emneansvarleg og ein emnekoordinator • Me vil jobbe med digitale læringsressursar og gruppearbeid • Vurderingsform - skriftleg gruppeoppgåve 				
4/20 Resultat Studiebarometeret 2019	Vedlegg:  Barnevern_bachelors tudium_Sogndal.pdf		Fagseksjonsleiar presenterer resultata og innleiar til diskusjon	30 min
Referat: Presentasjon av studiebarometeret av 2019 <ul style="list-style-type: none"> • Det er studentar i 2.studieår som svarar på studiebarometeret • 40 % svarprosent 				

- Samanlikna med 2018 er det ein svak nedgang på medverknad, og me vil gjerne høyre studentrepresentanten korleis ein kan få dette betre.

Studentane sit med manglande informasjon om kva og korleis ein kan vere med å påverke i studiet. Ein kan ikkje påverke emne som er påbegynt, og tillitsvalt er den einaste som kan påverke studie for neste kull.

Tilbakemeldinga frå fag er at ein prøver å kalle inn til klassemøter o.a men opplever at studentar ikkje møter.

Forslag til tiltak:

I klassemøta kan ein informere om

- stille krav til at studentane har ansvar å stille opp
- at dei brukar dei kanalane dei har for å påverke/medverke
- at alle har ansvar for å komme med innspel til forbedring

Medverknad handlar og om å ta ansvar for å skape eit godt klassemiljø. Det er ulikt kor engasjert studentane er, men det er viktig å få tilbakemelding om studentane er fornøyde eller ei. Utfordringa til emneansvarleg/fagtilsett er at dei kan bli enda meir tydeleg på kva og korleis studentane kan medverke på sitt studie.

Fag ynskjer å ha informasjon om dette før timeplanen skal leggast. Den kontakten fag har med studentane vil bli vidareført til fagmiljøet når emne på nytt skal planleggast og gjennomførast. Om studentane ser at endringar vert gjennomført vil det motivere for meir deltaking og medverknad.

Det blir oppmoda at studentar deltek i råd og utval ved HVL.

Studiebarometeret er eit godt utgangspunkt for ansvarleggjering, og ein kan gå gjennom punkta for å få ein diskusjon som gir fagleg verdi. Ein kan samanfatta tidlegare svar på studiebarometeret og snakke om korleis ein kan jobbe med medverknad i studiet.

På høgskulen i Volda inviterte ein heile klassar for å diskutere kva medverknad er og i fellesskap ha forståing om kva endringar som kan gjerast.

- Kan ein endre på emne som er alt er i gang?
- Kva kan ein endre på det av det som er planlagt framover?
- Ha ei forventningsavklaring om kva som er mogleg å endre, og laga ei sløyfe tilbake til diskusjon om kor endringane vert gjort.


Forslag til løysing:

Ein har 2 veker i starten av 1. klasse der ein kan gjennomføre eit medverknadsseminar kor ein presentert konkret kva forståing ein har av medverknad i studiet. Så kan ein hente fram att dokumentet når ein i 2.studieår skal gjennomføre studiebarometeret.

Fleire tilbakemelding på studiebarometeret:

På side 29 i studiebarometeret er det ein interessant studie. Her er det undervisninga som er i fokus og case er veldig godt likt.

På side 4 gir studentane tilbakemelding om at kontakten med arbeidslivet ikkje er god nok. Utdanninga har blitt flinkare til å invitere praksisfeltet til å bidra i undervisning, men me har ikkje hatt fokus på framtidige arbeidsplassar. Det kan vere at ny studieplan kan endre dette.

5/20 Kriterium for bruk av obligatorisk læringsaktivitet	<p>Vedlegg:</p> <p>Kriterium for bruk av obligatoriske læringsaktivitetar:</p>  <p>vurdering-ved-hogskulen-pa-vestlandet-19</p> <p>Sjå side 10</p> <p>Godkjent av Utdanningsutvalet HVL 11.12.1</p>	<p>Studieprogramrådet blir orientert om kriterium for obligatorisk læringsaktivitet ved HVL og kva konsekvensar dette medfører.</p> <p>«Ordinære førelesingar eller læringsaktivitetar der faglærer har ordet og studentane er passive mottakarar av informasjon, oppfyller som hovudregel ikkje kriteria. Forelesningar som omhandlar tema, metodar eller kunnskap som studentane ikkje kan tileigne seg på anna måte, til dømes ved bruk av eksterne gjesteforelesarar, kan vere døme på slike unntak frå regelen»</p>	Fagseksjonsleder orienterer	15 min
<p>Referat:</p> <p>Orientering om obligatoriske læringsaktivitet.</p> <p>Forskrifta om studium og eksamen for Høgskulen på Vestlandet er endre i 2019. Oppmøte til undervisning er ikkje lengre eit arbeidskrav. Læringsaktiviteten skal vere forankra i læringsutbytte. Kommunikasjon og relasjonsarbeid vil då vere knytt til undervisning. Undervisninga blir knytt til ferdigheitstrening, for ein ser at rein undervisning nødvendigvis ikkje gir det beste læringsutbytte. Å gå over til læringsutbytte vil gjere at studentane vert forplikta til deltaking.</p>				

Ekstern har opplevd at den nye forskrifta har gjort at læringsutbytte og opplegget for deltaking i aktivitet som ein fordel for studenten. Innspel frå eksterne er likevel at all førelesingar burde vere obligatorisk, spesielt for at førsteklassestudentar skal komme inn i gode studierutinar. Fag seier at dette kan skape ei haldning om at obligatorisk undervisning er viktig og at anna undervisning ikkje er viktig.

Forslag til tiltak:

Kan ein på seminaret i første studieår snakke om undervisning, frammøte og læringsutbytte. Her kan ein legge inn tema som:

- Lytte til andre
- Argumentere for/diskutere tema i undervisninga
- Arbeide i gruppe

Innspel frå eksterne er likevel at å fritta for obligatorisk undervisning ikkje samsvarar med det kommande arbeidslivet der ein må møte opp. Om undervisningsinstitusjonen meiner undervisninga er relevant bør den vere obligatorisk.

6/20 Orientering		<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsmøter og avtalar med praksisfelt • Arbeid med nasjonale retningslinjer for master i barnevern 		5 min
-------------------------	--	--	--	-------

Referat:

Samarbeidsmøter og avtalar med praksisfelt

Fagseksjonsleiar orienterer:

Me har jobba med å lage tydelege samarbeidsavtalar med praksisfeltet. Samarbeidsavtalane ber om praksisplassar for våre studentar og målet er å opparbeide eit betre samarbeid. Avtalene er sendt ut 1.april.

Hovudsakleg er avtalane sendt ut i Vestland (kommunane skal vidaresender desse til praksisplassane). Praksisperiodane er spesifisert og er primært sendt til kommunalt barnevern (skule, barnehage, sjukeheimar). Så skal det vere ein dialog med dei aktuelle praksisplassane der ein mellom anna avtalar kor mange studentar ein kan ta i mot.

Arbeid med nasjonale retningslinjer for master i barnevern

Fagseksjonsleiar orienterer om retningslinjer for master i barnevern og master i barnevernsarbeid (fagleg) nasjonale retningslinjer:

Ein ser at det kjem krav om master i utdanninga. Retningslinjer for master kjem med eit forslag som skal på høyring i mai/juni.

Oppstart vil vere haust 2022.

- Det er lagt opp ei utdanning der med 3 år + 2 år.

- Det skal utarbeidast ei retningslinje til kva 2.årige masterløpet skal innehalde.
- Det er også forslag til endring i lov om barnevern der det er krav om master i utdanninga.
- Det er ikkje lagt føringar for 5-årig integrert master.
- Diskusjonen går også på kor ein legg tittelen barnevernspedagog.

Denne saka vil me orientere om i studieprogramrådsmøta framover.

7/20 Eventuelt				
-----------------------	--	--	--	--

5 min